
Saksnr: 2021/881-1
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun
Dato: 12.01.2021

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmann Rune Haugsdal

Konkursbu etter Sykkel-VM 2017 i Bergen - rettsleg avklaring

Bergen vart tildelt Sykkel-VM i 2017 og arrangørselskapet Bergen 2017 AS vart oppretta 11. mai 2015. Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune inngjekk 4. august 2015 ein avtale som regulerte partane sine rettar og plikter i samband med gjennomføringen av mesterskapet, inkludert førebuande arbeid og etterarbeid.

Etter gjennomføring av Sykkel-VM, 16.-24. september 2017 i kommunene Bergen, Askøy, Øygarden og Fjell i Hordaland, vart det opna konkurs i arrangørselskapet Bergen 2017 ved Bergen tingrett sin kjennelse 12. mars 2018.

Etter konkursåpning framsatte boet krav overfor Hordaland fylkeskommune om utbetaling av ein usikkerhetsavsetning på 5,2 mill.kr som var nedfelt i avtalen mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune, datert 4.august 2015.

Stevning vart deretter teke ut ved Asker og Bærum tingrett, 13. november 2018. Hovedforhandling vart avholdt 19. og 20. september i Asker og Bærum tingrett.

Asker og Bærum tingrett kom fram til følgjande domsslutning i saken;

«1. Hordaland fylkeskommune frifinnes.

2. Sakskostnader tilkjennes ikke.»

Konkursbuet til Bergen 2017 AS anka dommen til Borgarting lagmannsrett. Hordaland fylkeskommune, no Vestland fylkeskommune, kom med anketilsvar.

Ankeforhandling vart gjennomført 1. - 2. desember 2020 i lagmannsrettens lokaler i Oslo. Konkursbuet var representert ved advokatane Truyen og Herføl-Johnsen. Fylkeskommunen var representert ved advokat Stensholdt og stedfortredar, samt fylkesrådmann Rune Haugsdal som ga forklaring.

Borgarting lagmannsrett kom fram til følgjande domsslutning i saken;

- 1. «Anken forkastes.*
- 2. I sakskostnader for tingretten betaler Bergen 2017 AS, dets konkursbo, 287 720 - tohundreogåttisjutusensjuhundreogtjue - kroner til Vestland fylkeskommune innen to uker etter at dommen er forkynt.*
- 3. I sakskostnader for lagmannsretten betaler Bergen 2017 AS, dets konkursbo, 283 125 - tohundreogåttitretusenetthundreogtjuefem - kroner til Vestland fylkeskommune innen to uker etter at dommen er forkynt.»*

Konkursbuet til Bergen 2017 AS har ikkje anka dommen innan utgangen av ankefristen, slik at dommen frå Borgarting lagmannsrett dermed er rettskraftig.

Fylkesrådmannen viser til vedlagte dom frå Borgarting lagrett, 15.12.20, for nærare informasjon om domspremissar, påstandar frå partane i rettsaka og retten sine vurderingar.